



Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Horpedal Kraft AS/ småkraftverk i Horpedalselvi		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Sogndal		
Ansvarlig:	Rune Flatby	Sign.:	<i>[Signature]</i>
Saksbehandler:	Ingrid Haug	Sign.:	<i>[Signature]</i>
Dato:	02.08.2002		
Vår ref.:	NVE 200107867 - 22✓	KTV:	53/2002
Sendes til:	Søker, alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til utbygging av Horpedal kraftverk, Sogndal kommune i Sogn og Fjordane

Innhold

Søknad	1
Høringsuttalelser	9
Sogndal kommune	9
Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane	11
Sogn og Fjordane fylkeskommune – Kulturavdelinga	12
Sogn og Fjordane fylkeskommune – Regionalavdelinga	12
Direktoratet for naturforvaltning	13
Søkers kommentarer til uttalelsene	14
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	14
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) vurdering og konklusjon	16

Søknad

Horpedal Kraft AS har sendt følgende søknad til NVE datert 15.01.2002 om konsesjon etter vannressursloven § 8 for utbygging av Horpedal kraftverk:

"1.1 Søkar

Horpedal Kraft AS under stifting står som søker og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet. Ing. Hermod Seim er konsulent for utbygginga.

1.2 Grunngjeving for tiltaket

Dei private grunneigarane som står bak tiltaket har i hovudsak jordbruk som hovudnæring. Lønsemda innen jordbruket er svak og føremålet med tiltaket er å styrke busetting og næringsgrunnlag.

2. Generelt om dagens situasjon

2.1 Lokalisering

Utbyggingsområdet ligg i Horpedalen i Fjærland i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane.

2.2 Vassdraget

Horpedalselvi er ei sideelv til Bøyaelvi i Fjærland. Elva får tilsiget frå fjellområdet aust for Fjærland og medel årsavløp er 2,1 m³/s ved samløpet med Bøyaelvi. Nedbørsfeltet er 26 km² og mesteparten av det ligg høgt til fjells med tilsig frå brear opp til 1685 moh. Elva renn gjennom den breeroderte Horpedalen og hovudelva er her lite framtrèdande, medan sideelvane er viktige landskapselement. På den nedre delen frå ca kote 200, har elva eit bratt fall og området er noko prega av kulturlandskap med plantefelt, gardsbruk, vegar og kraftlinjer. På den nederste delen frå ca kote 20 til samløpet med Bøyaelvi er det elveforbygningar.

3. Beskrivelse av tiltaket

3.1 Hovuddata for kraftverket

3.1.1 DATA FOR TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	24,0
Normaltilsig 1970-99	m ³ /s	2,0
3.1.2 DATA FOR KRAFTVERK		
Fallhøgde, brutto	m	174
Slukeevne, maximum	m ³ /s	1,44
Slukeevne, minimum	m ³ /s	0,22
Tilløpsrør, diameter	mm	800
Installert effekt, maximum	kW	2000
Bruktid	t	5400
Utnyttingsgrad, samla vassmengde	%	45
Minstevassføring, sommar	m ³ /s	0,116
3.1.3 DATA FOR PRODUKSJON		
Produksjon, vinter I	GWh	1,58
Produksjon, vinter II	GWh	2,29
Produksjon, sommar	GWh	6,93
Produksjon, året	GWh	10,80
3.1.4 DATA FOR ØKONOMI		
Byggekostnad	mill.kr	9,49
Utbyggingspris	kr/kWh	0,88
Netto noverdi før skatt	mill.kr	12,0
Netto noverdi etter skatt	mill.kr	4,9
Avkastning etter skatt	%	12,8
Kraftpris	øre/kWh	17,5
Balansepris	øre/kWh	10,7
Diskonteringsrente	%	7

3.2 Teknisk plan

3.2.1 Hydrologi og tilsig

Mesteparten av nedslagsfeltet i Horpedalselvi ligg mellom 700 og 1700 moh og 15 % av feltet er dekket av isbre (Svardalsbreen og Steindalsbreen). Brefelta har ein utjamnande verknad for tilsiget og vassføringa om sommaren kan vere betydeleg også i tørrversperiodar.

Vintervassføringa er stabil og låg. Det er tre vatn i vassdraget som bidrar til utjamning av tilsiget. Kraftverket får eit nedslagsfelt på 24 km² og normaltilsiget for perioden 1970-99 er berekna til 2,0 m³/s som gir eit årstilsig på 64 mill.m³. Gjennomsnittleg lågvassføring er berekna til 116 l/s. Det hydrologiske grunnlaget er NVE sitt isohydatkart 1987 og vassmerke Bøyumselv i Bøyaelvi.

3.2.2 Reguleringar

Tiltaket medfører ingen reguleringar.

3.2.3 Overføringar

Tiltaket medfører ingen overføringar frå andre vassdrag.

3.2.4 Inntak

Det er planlagt eit tradisjonelt overflateinntak med ein damterskel av betong tvers over elveløpet på kote 177. Terskelen får ei lengde på ca 25 m og største høgde ca 3 m. Terskelen blir utstyrt med tapperør for slepping av minstevassføring og tappeluke for utspyling av grus og sand som elva fører med seg. Inntaket blir lagt til side for elveløpet og vil bestå av ein liten betongkonstruksjon under bakkenivå med stengeventil og varegrind. Oppstrøms damterskelen blir det gravd ut eit mindre inntaksbasseng i elveløpet med areal ca. 0,5 da og djupne 1-3 m.

3.2.5 Vassveg

Frå inntaket vert driftsvatnet ført i eit 990 m langt tilløpsrør med diameter 800 mm ned til kraftstasjonen. På den øvre delen vert det nytta glasfiberarmert plastrør (GUP), medan det vert nytta duktile støpejernsrør på nedre delen. Røret vert lagt i grøft og overfylt med lausmasser slik at det ikkje vil vere synleg. Den øvre halvdelen av rørtraceen vil ligge på dyrka mark, medan den nedre vil gå gjennom granfelt og delvis fylgje eksisterande vegar og delvis gå over beiteområde.

3.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert inntil elva ved kote 6 og avløpet vil gå tilbake til elva via ein kort kulvert. Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 60 m² og enkel utforming med mønetak og utsjånaden vert tilpassa lokal byggeskikk. Det er planlagt installert ein Francisturbin på 2 MW med slukeevne 1,4 m³/s og ein lågspentgenerator på 2,3 MVA. Det blir vidare installert ein hovudtransformator med effekt 2,5 MVA og omsetning frå generatorspenning (lågspent) til 23 kV. Dei oppgjevne dataene for installasjonen er omtrentlege og kan bli endra etter at det er innhenta tilbod. Spenningsnivået (lågspent) på utstyret og andre tekniske detaljer blir ikkje bestemt før det er innhenta tilbod fordi leverandørane har ulike konsept for slikt utstyr.

3.2.7 Vegbygging

Det blir bygt ein 200 m lang midlertidig anleggsveg over dyrka mark frå garden Horpedal fram til inntaket. Ellers vil ein nytte eksisterande vegar for bygging og drift av kraftverket.

3.2.8 Nettilknytning

Kraftverket vert knytta til det eksisterande 23 kV nettet med ein 100 m lang jordkabel med spenning 23 kV. Det eksisterande nettet må opprustast noko for å unngå for stor variasjon i spenninga og det vert inngått avtale om dette med netteigaren. Eigaren av kraftverket er uten nødvendig elektroteknisk kompetanse og vil inngå avtale med Sognekraft AS om bygging og drift av høgspenninganlegget.

3.3 Byggekostnader

Byggekostnaden er berekna til 9,5 mill.kr (0,88 kr/kWh) ekskl. investeringsavgift.

3.4 Framdriftsplan

Byggetida er berekna til 8 mnd.

3.5 Produksjon

Produksjonen er berekna (simulert) for kvar dag i perioden 1970-99 på grunnlag av medel døgntilsig med frådrag for slepping av minstevassføring 116 l/s om sommaren.

Vinter I (01.01-30.04)	1,58 GWh
Vinter II (01.10-31.12)	2,29 GWh
Sommar (01.05-30.09)	6,93 GWh
Året	10,80 GWh

3.6 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elva til ei kvar tid uten noko form for utjamning eller regulering. Det er ikkje aktuelt med "start-stopp køyring". Medelvassføringa i Horpedalselvi er berekna til 2,0 m³/s og gjennomsnittleg lågvassføring til 116 l/s. Nedbørsfeltet er høgtliggende og 15 % er dekket av isbre. Dette medfører at ein stor del av avrenninga er konsentrert til sommarhalvåret og vassføringa varierer då i takt med nedbør og temperatur. Vintervassføringa er stabilt låg frå slutten av november til midten av april. Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 55 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga. Medelvassføringa midt på sommaren vert redusert frå 5,2 m³/s til 3,8 m³/s, kfr. vedlagt vassføringsdiagram. Flaumvassføringar vert lite påverka av utbygginga.

3.7 Minstevassføring

Det er føresett slepping av minstevassføring med 116 l/s om sommaren (01.05-30.09). På grunn av at kraftverket nyttar så liten del av vassføringa i elva, vil sleppinga ikkje få nemnande konsekvensar for produksjonen (produksjonstapet er 0,07 GWh). Sleppinga er planlagt gjennom ein fast opning i inntaksdammen.

4. Alternative løysingar

4.1 0-alternativet

Ein kjenner ikkje til at det føreligg andre planar for området. Dersom utbygginga av kraftverket ikkje vert gjennomført, vil området i store trekk forbli slik det er i dag.

4.2 Andre alternativ

Det er vurdert å bygge ut Horpedalselvi med større installert effekt (5 MW), men dette vil kreve omfattende forsterking av nettet og kostnaden vil bli så stor at utbygging ikkje vert lønsam. Det eksisterande nettet har ein kapasitet på 2 MW med noko oppgradering og dette har avgrensa og bestemt storleiken på kraftverket. Det er lagt til rette for bygging av eit eventuelt 2. byggesteg med installert effekt 3 MW, men dette vil truleg ligge langt fram i tid på grunn av nettsituasjonen. Det har blitt vurdert å plassere inntaket til kraftverket noko lengre oppe (kote 200), men tilhøva er her mindre gode med betydelege lausmasseavsetningar. Det er også vurdert å plassere kraftstasjon og tilløpsrør på sørsida av elva, men dette vil truleg gi noko større naturinngrep og byggekostnaden vert ikkje redusert nemnande. Det er også vurdert å føre driftsvatnet 1 km i tunnel, men dette er ikkje lønsamt for eit så lite prosjekt med så liten driftsvassføring. Meirkostnaden for tunnel er ca. 12 mill.kr. Det er tidlegare vurdert å regulere nedre Fessadalsvatnet og Ryssenipvatnet, men dette er ikkje aktuelt pga at vatna ligg innafør grensene for Jostedalen nasjonalpark.

5. Forholdet til andre planar

5.1 Samla plan for vassdrag

I St.melding nr 53 for 1986-87 vart prosjektet Bjåstad/Horpedal 317 Bøyaelva plassert i gruppe 4, kategori I i Samla Plan. Dette prosjektet var planlagt med magasin og noko meir omfattande enn den omsøkte utbygginga:

- utnytta fallet mellom kote 15 og 200
- tilløpsrør i dagen (synleg) på sørsida av elva
- installert effekt 5 MW
- årsproduksjon 18,2 GWh
- byggekostnad 39,5 mill.kr (kostnadsklasse III 1983)
- regulering av Ryssenipevatnet og Nedre Fessadalsvatnet

Konsekvensane vart vurdert som store negative for vilt og middels negative for naturvern og jord/skogbruk. Ellers var det berre små eller ingen konsekvensar. Dei planlagde magasinane kom seinare innanfor grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark og dette medførte at heile prosjektet vart tatt ut av Samla Plan. Direktoratet for naturforvaltning handsama i 1999 ein søknad om unntak frå Samla Plan for bygging av Horpedal kraftverk uten magasin og denne søknaden vart imøtekommen ved brev dgs. 03.11.1999.

5.2 Verneplanar

Dei øverste delene av Horpedalselvi ligg innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Våtmarksområdet i strandsona på Bøyaøyri er verna som fuglereservat.

5.3 Kommunale og fylkeskommunale planar

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF). I fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er området ikkje disponert for spesielle føremål.

5.4 Arealbruk og eigedomstilhøve

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga (riggområde, mellomlager, etc) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

	Midlertidig Arealbehov (da)	Permanent Arealbehov (da)	
Inntaksområde	3	1	Småskog, innmark
Tilløpsrør	15	0	Innmark, skog, veg
Kraftstasjonsområde	2	1	Innmark

Dei fallrettane som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane som førestår utbygginga gjennom selskapet Horpedal Kraft AS. Alle grunneigarar er kontakta og det blir tatt sikte på å inngå minnelege avtaler for leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.


Fylgjande eigedomar i Sogndal kommune vert berørt:

Gnr/Bnr	Eigar
160/1	Olav Horpedal, 6848 Fjærland
160/5	Hans I. Haugen, 6848 Fjærland
161/1	Torgeir Mundal, 6848 Fjærland

6. Konsekvensar som tiltaket medfører

6.1 Samandrag av fordelar og ulemper

Fordelene ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytta til energiproduksjonen på 10,8 GWh/år. Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter slik det framgår i diagrammet under.



(dagens skattesystem med overskotskatt, eigedomskatt, grunnrenteskatt og naturressursskatt).

Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,5 årsverk i driftsfasen.

Ulempene ved tiltaket er i hovudsak knytta til redusert vassføring på den berørte elvestrekninga.

6.2 Konsekvensar for andre interesser

6.2.1 Fysiske inngrep

Tiltaket medfører fylgjande tekniske anlegg og inngrep:

- *Inntak med nedgravd inntakskonstruksjon av betong og betongterskel med største høgde 3 m og lengde 25 m. Inntaksbasseng med areal ca. 0,5 da.*
- *990 m langt nedgravd tilløpsrør.*
- *Kraftstasjonshus med grunnflate ca. 60 m² og mønehøgde ca. 6 m. Huset vert tilpassa lokal byggeskikk og utført med utvendig grovt trepanel og torvtak.*
- *100 m lang jordkabel til eksisterande 22 kV linje*

6.2.2 Endra vassføring

Kraftverket vil utnytte 45 % av vassføringa ved inntaket og utbygginga vil påverke vassføringa i elva nedanfor inntaket på fylgjande måte:

- *Når vassføringa i elva er mindre enn 0,338 m³/s om sommaren og 0,22 m³/s om vinteren, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.*
- *Når vassføringa i elva om sommaren er i området 0,338-1,44 m³/s, vil alt vatnet med unntak av minstevassføringa gå i tilløpsrøret til kraftverket.*
- *Når vassføringa i elva om vinteren er i området 0,22-1,44 m³/s, vil alt vatnet gå i tilløpsrøret til kraftverket.*
- *Når vassføringa ved inntaket er større enn 1,44 m³/s, vil den overskytande del av vatnet renne forbi kraftverksinntaket.*

Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket og nedstrøms kraftstasjonen vert dermed ikkje påverka.

6.2.3 Natur og landskap

Horpedalselvi ligg i midtre fjordstrøk og høyrer naturgeografisk til lauv- og furuskogsregionen på Vestlandet.

Den øvre delen av vassdraget er uten inngrep av noko slag og prega av mektige fjell og brear opp til 1685 moh. Landskapet er forma ved breerosjon og typisk for denne delen av regionen. Hovudelva er for det meste sterkt nedskore og lite synleg, medan sideelvane er godt eksponerte og viktige landskapselement.

Den nederste delen av elva er noko påverka av inngrep og prega av kulturlandskap med plantefelt, gardsbruk, industriområde, vegar og kraftlinjer. Eit mindre parti av elva er her synleg frå dalen nedanfor. På den nederste delen frå ca kote 20 til samløpet med Bøyaelvi er det elveforbygningar.

Dei tekniske inngrepa som utbygginga medfører med eit lite elveinntak, nedgravd tilløpsrør og liten kraftstasjonsbygning, vil ikkje få nemnande konsekvensar for natur og landskap.

Vassføringsreduksjonen mellom inntaket og kraftstasjonen vil ha noko negativ verknad, men restvassføringa vil bli stor om sommaren og det visuelle inntrykket av elva blir lite endra. Om vinteren er vassføringa normalt svært låg og elva har då mindre betydning for natur og landskap.

6.2.4 Tur- og friluftsliv

Horpedalen er omkransa av bratte fjell og to småbrear i aust. Sideelvane renn i fossar nedover fjellsidene, medan hovudelva er lite framtrédande i landskapet. Vassdraget er uten tekniske inngrep ovanfor Blåbærstølen dit det går veg. Området er veileigna til kortare turar sommarstid, medan skredfare medfører at det er ueigna til skigåing.

Området mellom Horpedalen og Bergsdalen er ein god del nytta til dagsturar. Vassdraget er dårleg eigna for fiske og bruken er liten.

Med unntak av redusert vassføring mellom inntaket og kraftstasjonen ventar ein ingen nemnande verknader for tur- og friluftsliv.

6.2.5 Vilt og jakt

Det er ein god hjortebestand i området og jakt vert utført av grunneigarane. Det føregår også litt rypejakt i fjellet og det er knytta stor ornitologisk interesse til det verna våtmarksområdet der Bøyaelvi renn ut i fjorden (Bøyaøyri).

Utbygginga får ingen konsekvensar av betydning for vilt og jakt og den gir heller ingen konsekvensar for våtmarksområdet på Bøyaøyri pga at vassføringa nedanfor kraftstasjonen ikkje vert endra (ingen regulering). Tilførselen av lausmaterialar til Bøyaøyri vil heller ikkje endre seg nemnande fordi inntaksbassenget har avgrensa kapasitet (1000 m³) og sedimenterte lausmasser vil bli utspytt etter kvart.

6.2.6 Fiske

Det finst vanleg innlandsaure i vassdraget, men fiskeinteressene er små bortsett frå elva nedanfor kraftstasjonen som er eit viktig oppvekst- og gyteområde for sjøaure.

Den utnytta elvestrekninga mellom inntaket og kraftstasjonen er bratt og uten nemnande fiskeinteresser.

Vassføringa nedanfor kraftstasjonen vil forbli uendra etter utbygging og ein ventar ikkje nemnande konsekvensar for fiske.

6.2.7 Vassforsyning og resipient

Det er ingen vassforsynings- eller resipientinteresser av betydning i vassdraget.

6.2.8 Kulturminnevern

Det finst kulturminner som er knytta til stølsdrift og utmarksnæring i øvre delen av Horpedalen og til gardsdrift og utnytting av vasskraft i nedre delen av vassdraget.

Av registrerte nyare kulturminner i nedre delen av vassdraget kan nemnast: vatningsveit, vassdreven slipestein, kvernveite med stampe og sag, restar etter kvernhus, grendemeieri og bygdekraftverk.

Tilløpsrøret vert lagt utanom kulturminner og restvassføringa i elva vert så stor at dei elvebaserte kulturminna ikkje vil falle ut av sin samanheng.

6.2.9 Jord- og skogbruk

Det må avståast litt utmark (0,5 da) til kraftstasjonen og det vil bli litt avlingstap i byggetida. Ellers er det ingen nemnande konsekvensar.

6.2.10 Konsekvensar for andre interesser

Det er ikkje forventa at utbygginga får nemnande konsekvensar for andre interesser som flaum- og erosjonsikring, transport, is, vassstemperatur og klima.

6.2.11 Konsekvensar ved nettilknytning

Kraftverket blir tilknytta eksisterande 23 kV nett med ein 100 m lang jordkabel. Kabelen blir nedgravd forskriftsmessig i minimum 1 m djup grøft over Horpedalselva og eit nyanlagd industriområde fram til eksisterande 23 kV linje. Ein forventar ingen nemnande konsekvensar.

6.2.12 Konsekvensar i anleggsfasen

Dei anleggstekniske arbeida med kraftstasjon, tilløpsrør og inntak er beskjedne og blir utført av lokale entreprenørar med antatt mannskapstyrke 2-4 mann og uten nemnande anleggsrigg, brakker, etc. Arbeid i elveløpet ved inntak og kraftstasjon vil medføre ein liten forbigåande auke i lausmassetransporten i elva. Det vil ikkje bli nemnande utslepp eller forureining av elva førøvrig. I samband med bygging av midlertidig anleggsveg til inntak og legging av tilløpsrør over innmark, vil det bli eit mindre avlingstap (grasproduksjon). Anleggsfasen vil strekke seg over ein sommarsesong (mai-november).

7. Avbøtande tiltak

7.1 Anleggsfasen

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein unngår skjemmande sår i terrenget. Dyrka mark i traceen for tilløpsrøret vert utbetra og reetablert fullt ut. Kraftverket er planlagt slik at ein reduserer inngrepa mest mogeleg, bl.a. er kraftstasjonen og traceen for tilløpsrøret lagt slik at ein utnyttar eksisterande veganlegg og dermed unngår bygging av nye vegar.

7.2 Driftsfasen

I tida 1. mai – 30. september er det planlagt slepping av minstevassføring forbi inntaket tilsvarende alminneleg lågvassføring (116 l/s). Inntaket får beskjeden storleik uten konstruksjonar over bakkenivå. Tilløpsrøret vert nedgravd og vil ikkje vere synleg. Kraftstasjonsbygningen vert tilpassa lokal byggeskikk og utført med torvtak og utvendig trepanel. ”

Høringsuttalelser

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Sogndal kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, fylkesmannen, fylkeskommunen og til berørte statlige forvaltningsorganer. NVE har mottatt følgende uttalelser:

Sogndal kommune uttaler i brev datert 11.04.02:

”Prosjektet.

Horpedal kraft A/S er eit selskap basert på lokal eigarskap i Fjærland. Selskapet har ved brev av 15.01.02 søkt om konsesjon for utbygging av vasskraftverk i Horpedalselvi i Fjærland. Installert effekt er på 2000 kW. Mindre kraftverk blir klassifiserte i tre grupper;

mikrokraftverk, minikraftverk og småkraftverk. Det planlagde kraftverket i Horpedalselvi er eit småkraftverk. Planlagd årsproduksjon er 10.8 GWh. Dette er omlag det doble av kraftforbruket i Fjærland i dag. Kalkulert byggjekostnad er om lag 9,5 mill kr. Horpedalselvi har sitt utspring i fiell- og breområda mellom Fjærland, Sogndalsdalen og Veitastrond. Det planlagde kraftverket skal utnytte fallhøgda i elva frå kote 177 til kote 3, dvs frå garden Horpedal og ned til dalbotnen i Fjærland. Kraftverket er planlagt som elvekraftverk, utan reguleringsmagasin. Dette medfører at det blir lite kraftproduksjon om vinteren. I og med at Horpedalselvi har Steindalsbreen og Svardalsbreen som kjelder, kan ein rekne med relativt stabil vassføring og kraftproduksjon i sommarhalvåret, sjølv i tørre somrar. Krafta frå kraftverket er planlagt ført inn på nettet til Sognekraft AS. Avstanden frå planlagd kraftstasjon til eksisterande kraftlinjenett er liten, om lag 100 m. Sognekraft AS har søkt om konsesjon for bygging av nødvendige elektriske anlegg. Overføringskapasiteten på kraft til og frå Fjærland er liten. Kapasitetsgrensa her har vore dimensjonerande for kraftverket. Dette medfører igjen at det blir meir restvassføring i Horpedalselvi enn det elles ville vorte.

Sakshandsaming.

Det er Olje- og energidepartementet som evt. skal gje konsesjon for utbygging av dette anlegget. Sogndal kommune skal gje fråsegn saman med ei rekkje andre instansar, jfr. vedlegg 2. Fråsegnene skal sendast Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), som skal kome med tilråding til departementet.

Inngrep.

Det mest vesentlege, varige og synlege inngrepet vil vere redusert vassføring i Horpedalselvi. Vatnet vil i periodar i vinterhalvåret bli heilt borte på elvestrekninga frå Horpedal til kraftstasjonen. Om sommaren vil restvassføringa vere relativt stor. Horpedalselvi er lite synleg i dag, p.g.a. tett skog i området, dette kan endre seg. Sakshandsamaren var på synfaring i området 04.03.02. Prosjektet vart gjennomgått og synfare saman med representantar frå Horpedal Kraft AS.

Tilhøvet til kommunale planar og allmenne interesser.

Vasskraftverk som får konsesjon etter reglane i vassressurslova er unnatekne frå handsaming etter reglane i plan- og bygningslova. Det er såleis ikkje nødvendig å handsama saka som dispensasjonssak sjølv om tiltaket ikkje er i samsvar med det som er vist i kommuneplanen. Det krevst helle ikkje løyve etter byggjesaksreglane i plan- og bygningslova for å gjennomføre nødvendige bygge- og anleggstiltak. Kraftverket er planlagt bygd i område som i gjeldande kommunedelplan for Fjærland er vist som LNF-område. Dei mest høgtliggjande fjellområda over Horpedal, med brear og vatn, inngår i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Det planlagde kraftverket medfører ikkje inngrep her. Horpedal er utgangspunkt for fotturar mot Anestølen, Frudalen og Berge. Inngrepet vil ha lite å seie for opplevingsverdien knytt til desse turane. Registreringa av biologisk mangfald frå 2001 viser heller ikkje noko av spesiell interesse i dette området. Vassdraget har også i tidlegare tider vore nytta som energikjelde for drift av ma. sag, kverner og stamper. Anlegget vil ikkje gripe inn i det som står att av slike bygningar. Det var også eit lite kraftverk (80 kW) i drift her, frå 1915 til 1958. Den gamle kraftstasjonen står enno, men er til nedfalls.

Rådmannen kjenner ikkje til at anlegget vil kome i konflikt med kommunaltekniske anlegg e.l. i området. Det blir elles vist til konsesjonssøknaden.

Andre konsekvensar.

På grunn av lange forsyningslinjer er straumforsyninga til Fjærland sårbar. Ei utbygging av Horpedalselvi kan delvis bøte på dette. Utbygginga kan bidra til å styrke næringsgrunnlaget og inntektsnivået til initiativtakarane, som er grunneigarar i området og kan også gje ein liten sysselsetjingseffekt.

Vurdering:

Utbygging av Horpedal kraftverk vil generelt auke tilgangen på elektrisk energi i området. Rådmannen vurderer situasjonen slik at dei negative konsekvensane av den omsøkte utbygginga vil bli moderate og akseptable."

Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane uttaler i brev datert 20.05.02:

"Horpedal kraft AS har søkt om løyve til å byggje kraftverk i Horpedalselvi, Sogndal kommune. Horpedalselvi er ei sideelv til Bøyaelvi. Fallhøgde er rekna til 174 m, produksjonen er rekna til 10,8 GWh pr. år. I søknaden vert det lagt opp til minstevassføring frå 01.05. til 30.09. tilsvarende alminneleg lågvassføring som er rekna til 116 l/s. Slukeevna er frå 0,22 til 1,44 m³/s. Midlare årsavløp er 2,1 m³/s, nedbørsfeltet er på 26 km². Røyrsgata (990 m) skal gravast ned. Traseen går over dyrka mark, granskog og beite. Ingen nye permanente vegar skal byggast i samband med tiltaket. Inntaksdammen er planlagt i eit område med dyrka mark på eine sida av elva. Nett-tilknyting via 100 m lang jordkabel. Prosjektet har fått unntak frå Samla Plan ved brev frå DN datert 03.11.1999.

Øvre delar av nedbørsfeltet ligg innanfor grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark og på Bøyaøyri som ligg ved utløpet av Bøyaelvi ved Fjærlandsfjorden er det eit naturreservat. Det omsøkte prosjektet kjem ikkje nær nasjonalparken eller naturreservatet. Inngrepsfrie naturområde vil ikkje bli redusert. Dei fosse- og større strykparti i elva som er søkt utbygd er lite synlege slik som skogen veks i dag. Elva vert meir synleg og viktig som landskapselement ved hogging av granskogen, men flaumvassføring vil truleg framleis ivareta denne funksjonen på ein brukbar måte etter ei utbygging.

Det går ei fotrute opp frå Horpedal (v. gardsbruket der inntaket er lagt) og inn på stien frå Berge og opp Bergsdalen. Denne sommarruta er merka av på turkartet for Fjærland, og er eit av turforslaga Norsk Bremuseum brukar til turistar. Ruta går over elva oppstraums inntaket til kraftverket og inntaket vil ikkje vere synleg ved kryssing av elva.

Den nedre delen av elva som vert påverka av vassuttaket er anadrom strekning. Kraftverket og utløpskanalen er planlagt plassert ca. 200-250 m nedanfor vandringshinderet. Det har tidlegare vore el-fiska på den nedste delen av Horpa (nedanfor brua og planlagt kraftstasjon). Det vart da registrert tre lakseungar større enn 12,0 cm, relativt mange ungfisk av aure og i tillegg 2 sjåurer på eit overfiska areal på ca. 300 m³ (Rapport nr. 119/2001 frå Laboratorium for ferksvannøkologi og innlandsfiske, Universitetet i Bergen). På synfaringa kunne vi sjå at den nedste strekninga ovanfor utsleppet har jamt grove steinar og truleg ikkje er særleg attraktiv i forhold til gyting. Lenger oppe mot vandringshinderet er det større variasjon i storleiken på steinane og botns substratet. Her er det potensielle gyteplassar innimellom dei større steinane. Bøyaelvi er ei breelv der temperaturen er ein vesentleg faktor for avgrensing av produksjon av laks og sjåure. I dette marginale systemet er det difor viktig å ta vare på sidevassdrag som har eit potensiale for gyting og oppvekst av yngel. Biologisk mangfald er elles ikkje undersøkt i samband med tiltaket. Vi vurderer det slik at dersom det vert sleppt ei

minstevassføring tilsvarande allminneleg lågvassføring heile året vil, dette ivareta både ein del av vassdraget sin funksjon for produksjon av laks og sjøaure og biologisk mangfald elles.

I høve til resipientinteresser knytt til vassdraget kan arealavrenning frå dyrka mark ved inntaket og avløpsvatn frå gardsbruket nå vassdraget ved ugunstige tilhøve eller ev. dårleg avløpsanlegg. Vi har likevel ikkje opplysningar om at dette er noko problem no. Driftsbygningen på dette gardsbruket ser ut til å vere rimeleg ny. Ureiningslova med forskrifter set krav om at det ikkje skal vere utslepp av husdyrgjødsel eller silopressaft til vassdrag. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkte tiltak. I høve til ureiningslova er difor tiltaket lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket er fører til skader og ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan fylkesmannen vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan også bli erstatningspliktig for ev. skader og ulemper som følgjer av tiltaket.

Drikkevassforsyning i området vil truleg ikkje bli påverka av tiltaket og vil ev. vere eit privatrettsleg tema.

Med føresetnad om at det vert minstevassføring heile året tilsvarande alminneleg lågvassføring, vurderer fylkesmannen tiltaket som lovleg i høve til lov om lakse- og innlandsfisk og ureiningslova, og skader og ulemper for allmenne interesser så moderate at konsesjons kan gjevast, jf. vassdragslova §§ 8 og 25."

Sogn og Fjordane fylkeskommune – Kulturavdelinga uttaler i brev datert 27.05.02

"Automatisk freda kulturminne

Kulturavdelinga kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innafor området der det er planlagde fysiske inngrep under markoverflata. Det er imidlertid alltid ein mogelegheit for at hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne kan dukke opp. Vi ber difor om dei som skal utføre arbeidet med grøftegraving for nedlegging av røyr, vert gjort merksam på følgjande:

"Ein har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jmf Lov om Kulturminne § 8, 2.ledd".

Ved eventuelle funn vil Kulturavdelinga prioritere å gje ei rask avklaring av funnforholda.

Kulturminne frå nyare tid

Under punkt 6.2.8 i konsesjonssøknaden er registrerte kulturminner frå nyare tid omtala. Kulturavdelinga oppfattar at tilløpsrøret vert lagt utanom desse kulturminna, og at ein gjennom god restvassføring sikrar at dei elvebaserte kulturminna ikkje fell ut av sin samanheng. Dersom desse omsyna vert ivaretekne, har vi ingen avgjerande merknader til utbyggingsplanane."

Sogn og Fjordane fylkeskommune – Regionalavdelinga uttaler i brev datert 04.07.02

"Vurdering og konsekvensar

Det planlagte kraftverket er eit reint elvekraftverk utan reguleringar eller overføringar frå andre vassdrag. Inntakskonstruksjonen skal byggast ved kote 177 og kraftstasjon med installert effekt 2 MW og avløp til Horpedalselva ved kote 6. Kraftstasjonsbygningen får eit

areal på 60 m² og utforming tilpassa lokal byggeskikk. Bygget vert utført med utvendig grovt trepanel og torvtak. Tilløpsrøret mellom inntakskonstruksjonen og kraftstasjonen skal nedgravast, om lag 1 km grøft. Det er føresett slepping av minstevassføring om sommaren (01.05-30.09), tilsvarende alminneleg lågvassføring.

Kraftverket skal knytast til eksisterande 22 kV nett med ein 100 meter lang jordkabel. Det eksisterande nettet må opprustast noko for å unngå for stor variasjon i spenninga.

Den omsøkte utbyggingsplanen er frigitt for handsaming i Samla Plan og klarert for konsesjonssøknad frå Direktoratet for naturforvaltning

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur og friluftsområde (LNF). I fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er området ikkje disponert for spesielle formål.

Fylkeskommunen si kulturavdeling har sendt eigen merknad til NVE i brev av 27.05.02. I merknaden er det m.a. gjort merksam på regelverket knytt til automatisk freda kulturminne. Kulturavdelinga oppfattar søknaden slik at tilløpsrøret vert lagt utanfor registrerte kulturminne og legg til grunn at restvassføringa sikrar at dei elvebaserte kulturminna ikkje fell ut av sin samanheng

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytta til energiproduksjonen på 10,8 GWh/år. Grunneigarane i området som står bak tiltaket, har i hovudsak jordbruk som leveveg. Lønsemda innafor jordbruket er låg og føremålet med tiltaket er å styrke busetting og næringsgrunnlag.

Ulempene ved tiltaket er i hovudsak redusert vassføring i elva mellom inntaket og avløpet frå kraftverket. Dei tekniske inngrepa som utbygginga medfører med eit lite elveinntak, nedgravd tilløpsrør og liten kraftstasjonsbygning, vil ikkje få nemnande konsekvensar for natur og landskap.

Konklusjon/tilråding

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør difor gå inn for utbygging av Horpedal kraftverk.”

Direktoratet for naturforvaltning uttaler i brev datert 30.05.02

”DNs vurdering

DN viser til fylkesmannens uttalelse og slutter seg til hans tilråding.

DN mener det ikke er grunnlag for å fravike en helårlig minstevannføring minst tilsvarende alminnelig lavvannføring i vassdraget. Vannressurslovens § 10 angir som en hovedregel at minst alminnelig lavvannføring skal være tilbake. I konsesjonssaker skal det fastsettes vilkår om minstevannføring etter en konkret vurdering av bl.a. vassdragets betydning for plante- og dyreliv. I den aktuelle saken vil sannsynligvis helårlig minstevannføring være positivt for laks- og sjørretinteressene i de delene av vassdraget som blir direkte berørt av en utbygging. Øvrige deler av det biologiske mangfoldet er ikke undersøkt i vassdraget - eventuelle verdier som kan gå tapt ved en regulering uten krav til minstevannføring er ikke dokumentert.

DN anbefaler at standard vilkår for naturforvaltning gjøres gjeldene for utbyggingen. Selv om utbyggingen er liten, og det er lite sannsynlig at det vil utløses spesielle krav om tiltak, finner DN det riktig å standardisere vilkårene også i slike mindre saker.

DN finner ikke at det utløses så store konsekvenser for utøvelse av friluftsliv, jakt og fiske at vi vil foreslå å pålegge utbygger å betale årlige beløp til opphjør av vilt/fisk/friluftsliv til Sogndal kommune.

DNs tilråding

DN vil ikke frarå at det blir gitt konsesjon for bygging av Horpedal kraftverk med forutsetning av at det blir fastsatt en helårlig minstevannføring minst tilsvarende alminnelig lavvannføring."

Statens Vegvesen, Bergvesenet, Fiskeridirektoratet og Kystverket har ingen merknader til planene.

Søkers kommentarer til uttalelsene

Søker har i brev av 01.06.02 følgende kommentarer til uttalelsene:

" Fylkesmannen meiner det kan vere potensielle gyteplassar for anadrom fisk på ei kortare elvestrekning oppstrøms kraftverket og vurdere det slik at slepping av minstevassføring heile året, vil ivareta gyteplassane. I denne samanheng vil vi gjere merksam på at det uregulerte restfeltet nedanfor kraftverksinntaket er på 1,3 km² og vi meiner at dette feltet gir tilstrekkeleg vassstilførsel til å sikre dei omtalte gyteplassane. Om nødvendig vil vi føreslå å anlegge 2-3 mindre steintersklar i elva for å oppnå større vassdekt areal og sikre overleving av yngel.

Slepping av minstevassføring heile året vil medføre eit produksjonstap på 0,7 GWh vinterkraft til verdi av ca 1,4 mill.kr og vi meiner at dette ikkje står i noko slags høve til eventuelle marginale konsekvensar for fiskeinteressene."

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Søknad

Horpedal Kraft AS er et privat aksjeselskap eid av grunneierne som har fallrettigheter til prosjektet. Kraftselskapet søker om tillatelse etter vannressursloven § 8 om å få bygge et kraftverk i Horpedalselvi, en sideelv til Bøyaelvi i Fjærland. Det planlagte kraftverket vil være et rent elvekraftverk og benytte en fallhøyde på 174 m. Maksimal slukeevne er 1,44 m³/s og beregnet normaltilsig er 2,0 m³/s . Alminnelig lavvannsføring er beregnet til 116 l/s og det er foreslått å slippe en minstevannføring på sommerstid tilsvarende denne. Midlere årsproduksjon er beregnet til 10,8 GWh. Inntaket er planlagt på kote 177 med en damterskel av betong tvers over elveløpet med lengde på ca 25 m og største høyde på 3 meter. Oppstrøms dammen vil det bli et inntaksbasseng med areal på ca. 0,5 da. Rørgata, med en lengde på 990 m, vil bli nedgravd langs hele strekningen. Kraftstasjonen plasseres inntil elva på kote 6 og vil få et areal på ca 60 m².

Det er planlagt en 100 m lang jordkabel med spenning 23 kV fra kraftstasjonen til eksisterende 23 kV linje. Kabelen vil bli nedgravd over Horpedalselva og et nyanlagt industriområde. Det vil bli bygget en midlertidig anleggsvei over dyrka mark til inntaket.

Eksisterende forhold i vassdraget

Den øverste delen av vassdraget er uten inngrep og preget av fjell og breer. Nedre del av elva går igjennom kulturlandskap med plantefelt, gardsbruk, industriområdet, veger og kraftlinje. På den nederste delen av elva er det forbygninger. Hovedelva går gjennom et juv og er derfor lite synlig.

Sideelvene er godt synlige og viktige landskapselement. Disse vil ikke bli berørt av prosjektet. Oppstrøms inntaket er det en merket turløype. Inngrepet vil ikke være synlig fra stien.

Forholdet til Samlet plan for vassdrag

Prosjektet ble unntatt fra Samlet plan ved brev fra Direktoratet for naturforvaltning av 03.11.1999.

Saksbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kap.3 i vannressursloven og gjelder tillatelse etter § 8. NVE har ved kgl.res. av 28. juni 2002 fått delegert myndighet til å gi konsesjon for kraftutbygginger inntil 5 MW. Konsesjon kan bare gis hvis fordelene med tiltaket overstiger skader for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. § 25.

NVE har befart området sammen med representanter fra Horpedal Kraft AS mai 2002.

Tiltakets virkning

Fordeler

- Tiltaket vil gi årlig strømproduksjon på 10,8 GWh
- Tiltaket vil bidra med å styrke næringsgrunnlaget for tiltakshaverne
- Tiltaket vil være et positivt bidrag i lokalsamfunnet og bidra til å opprettholde lokal bosetning og verdipreg

Ulemper

- Tiltaket innebærer fysiske inngrep i form av dam, rørgate, kraftstasjonsbygning, kanal og anleggsvei.
- Tiltaket vil medføre sterkt redusert vannføring og perioder med tørrelegging av Horpedalselvi på utbyggingsstrekningen

Høring og distriktsbehandling

Søknaden har vært kunngjort og sent på høring. Høringsuttalelsene har vært forelagt søker for kommentarer.

Sogndal kommune er positive til prosjektet og anbefaler at det gis konsesjon.

Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane (FM) påpeker at nedre del av elva som blir påvirket av vassuttaket er anadrom strekning. Under forutsetning av at det slippes en minstevannføring gjennom hele året tilsvarende alminnelig lavvannsføring mener FM at skader og ulemper for allmenne interesser er moderate og anbefaler konsesjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune – Kulturavdelinga kjenner ikke til automatisk freda kulturminner innenfor inngrepsområdet, men viser til kulturminneloven § 8.

Sogn og Fjordane fylkeskommune – Regionalavdelinga anbefaler at det blir gitt konsesjon

Direktoratet for naturforvaltning (DN) slutter seg til FM anbefaling og forutsetter at det slippes minstevannføring hele året. DN anbefaler videre at standardvilkår for naturforvaltning gjøres gjeldende.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) vurdering og konklusjon

Hele utbygningsstrekningen på ca. 1 km ligger på tiltakshavernes eiendom. Elva går igjennom et trangt dalsøkk og er lite tilgjengelig for allmenn ferdsel. Den omsøkte elvestrekningen er lite synlig fra offentlig bilvei. Det går en merket tursti fra Horpedal og oppover dalen til fjellene. Ruta krysser elva rett oppstrøms inntaket, men utbyggingen vil ikke være synlig fra stien. Fritidsfiske og friluftsliv er lite utstrakt på den aktuelle strekningen.

De fysiske inngrepene vil omfatte utgraving av inntaksmagasin, bygging av demning og nedgraving av rørgate. Det vil ikke være nødvendig med større veier, kun en midlertidig anleggsvei som vil gå over tiltakshavers dyrket mark. Det mest synlige inngrepet vil være knyttet til rørgata og rørgatetraseen, men visuelt vil dette være av midlertidig karakter. Samlet sett vurderer NVE inngrepene til å være moderate.

De siste årene har det for mange blitt stadig vanskeligere å finne lønnsomhet i jordbruket. I tillegg er distriktene i Norge ofte preget av fraflytting og befolkningsnedgang. NVE mener det planlagte kraftverket kan være et bidrag til å styrke det lokale næringsgrunnlaget, og ser dette som positivt.

NVE har vurdert planene slik de er forelagt og kan ikke se at det foreligger forhold som berører allmenne interesser slik at det er grunnlag for å gå imot konsesjon.

Slik kraftverket er planlagt vil Horpedalselvi mellom inntak og utløp bli helt tørrlagt i perioder av året. Søker foreslår minstevannføring fra 1. mai til 30. september tilsvarende alminnelig lavvannsføring på 116 l/s. Det har ikke kommet innvendinger til størrelsen på vannslippet og NVE vurderer 116 l/s til å være en tilfredsstillende minstevannføring.

Elva nedenfor utløpet er viktige gyte- og oppvekstområder for sjøørret. Fylkesmannen påpeker at også den nedre delen av elva som blir påvirket av utbyggingen er anadrom strekning. Kraftverket er planlagt plassert 200-250 m nedstrøms vandringshinderet. Elva her er stort sett grovsteinet og lite attraktiv for gyting, men oppe mot vandringshinderet kan det være potensielle gyteplasser. Fylkesmannen og DN mener det bør slippes minstevannføring hele året, for å ivareta vassdragets funksjon for produksjon av laks og sjøørret og for det biologiske mangfoldet. Søker har beregnet at dette vil innebære en tapt produksjon på 0,7 GWh vinterkraft pr. år (ca. 1,4 mill kr) og foreslår heller å anlegge terskler for å oppnå et større vanndeckt areal.

NVE mener at det først og fremst er elva nedstrøms kraftstasjonen som har betydning som oppvekst- og gyteområder. Denne delen av elva vil ikke bli berørt. En slipp av minstevannføring i sommerhalvåret vil etter NVEs syn ivareta forholdene til fisk, og biologisk mangfold generelt, i stor grad. I tillegg vil tilsig fra restfeltet på 1,3 km² nedstrøms inntaket bidra med noe vanntilførsel. Vi mener at fordelene med slipp av minstevannføring om vinteren ikke står i forhold til ulempene ved redusert kraftproduksjon og de økonomiske belastninger dette vil påføre tiltakshaver. Skulle det vise seg nødvendig kan konsesjonæren pålegges å etablere terskler på utbyggingsstrekningen.

Søker har beregnet middelproduksjon til 10,8 GWh og byggekostnadene til 9,5 mill.kr (0,88 kr/kWh). NVE har simulert produksjonen basert på ukesdata for tilsigsperioden 1970-1999 og vannmerket 613-C Veitastrondvatn og kommet frem til en total produksjon på 10,6 GWh. NVE har også gjennomført en kontroll av kostnadsoverslaget basert på NVEs håndbok nr. 2/2000. Vi har kommet frem til en total utbyggingskostnad på 12,6 mill.kr og ligger omtrent 33 % høyere enn søkers beregnede kostnader. Søker har ikke oppgitt noe detaljert kostnadsoverslag så det er vanskelig å si konkret hva dette avviker skyldes. For prosjekter av denne størrelse har vi erfaring for at vårt kostnadsoverslag ligger noe høyere enn søkers overslag. Uansett ser NVE på det omsøkte prosjektet som lønnsomt ut fra en samfunnsøkonomisk vurdering.

Detaljer ved prosjektet som veger, massedeponering og landskapsmessige forhold vil bli fulgt opp i etterkant av konsesjonen. Godkjenning av planer og tilsyn med utførelsen er underlagt NVE, og detaljerte planer skal godkjennes av NVEs regionkontor før arbeidet settes i gang, jf. vilkårenes post 3. Kommunen skal da ha anledning til å uttale seg om planer for anleggsveger, massetak og plassering av eventuelle overskuddsmasser.

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vannressursloven fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven. Dette forutsetter at tiltaket ikke er i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldende reguleringsplaner. Horpedal kraftverk ligger i et LNF-område og prosjektet trenger derfor dispensasjon fra plan- og bygningsloven før tiltaket kan settes i gang.

Konklusjon

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene og nytten med tiltaket overstiger skaden for private og allmenne interesser som blir berørt slik at kravet i vannressursloven § 25 er tilfredsstillt. Vi gir derfor Horpedal Kraft AS tillatelse etter § 8 i vannressursloven til å bygge kraftverk i Horpedalselvi på de vilkår som følger vedlagt.

Dette vedtaket gjelder kun tillatelse etter vannressursloven. Det også søkt om tillatelse etter energiloven til installasjon av elektriske høyspentanlegg og en 100 m lang 23 kV jordkabel frem til eksisterende linjenett. Ingen av høringspartene har kommentert disse delene av planen. Søknaden etter energiloven vil bli vurdert i eget vedtak.

Merknader til konsesjonsvilkårene

Post 1: Vannslipping

Søker foreslår minstevannføring fra 1. mai til 30. september tilsvarende alminnelig lavvannsføring på 116 l/s. NVE vurderer 116 l/sek til å være en tilfredsstillende minstevannføring.

Vi vil ikke gå inn for slipp av minstevannføring hele året som foreslått av fylkesmannen og DN. NVE mener at fordelene med slipp av minstevannføring om vinteren ikke står i forhold til ulempene ved redusert kraftproduksjon og de økonomiske belastninger dette vil påføre tiltakshaver, jf. NVEs vurdering ovenfor.

Post 4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v

Detaljerte planer skal godkjennes av NVEs regionkontor i Førde før arbeidet settes i gang. Detaljer ved prosjektet som veger, landskapsmessige forhold, etc. vil ligge under denne post.

Post 5. Naturforvaltning

Standardvilkår for naturforvaltning tas med i konsesjonen selv om det synes lite aktuelt å pålegge noen avbøtende tiltak. Eventuelle pålegg i medhold av dette vilkåret må være relatert til skader forårsaket av tiltaket og stå i rimelig forhold til tiltakets størrelse og virkninger.

På linje med DN finner vi ikke grunnlag for å pålegge utbygger innbetaling av årlige beløp til kommunen til å fremme fiske, jakt og friluftsliv. NVE kan heller ikke se at det er behov for å pålegge konsesjonær dekking av utgifter til ekstra jaktoppsyn i anleggsperioden.

Post 6. Automatiske fredete kulturminner

Merknaden fra fylkeskommunen er tatt inn i dette vilkåret.

Post 8. Terskler m.v.

Søker har selv foreslått å etablere steinterskler for å få et større vanndekt areal og bedre gyte og oppvekstvilkår for fisk. Dette vilkåret gir hjemmel til å pålegge konsesjonær å etablere terskler eller gjøre andre biotopjusterende tiltak dersom dette skulle vise seg nødvendig.